

Sjå adresseliste**VEST POLITIDISTRIKT**

Dykker referanse:

Vår referanse:
201804690-2Stad, Dato
Bergen, 17.9.2018**JUSTERING AV POLITIDISTRIKTA SI INDRE ORGANISERING –
INVOLVERING AV DEI RÅKA KOMMUNANE I VEST POLITIDISTRIKT****Bakgrunn**

Politiet etablerte 1.1.2016 12 nye politidistrikt etter Stortinget si behandling av nærpoltireforma, og politidistrikta si nye inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt blei vedteken våren 2017 og satt i drift våren 2018.

Gjennom Stortinget si behandling av Innst. 386 S (2016-2017), jf. Prop. 96 S (2016-2017) om endringar i kommunestrukturen, blei det vedteke at talet på kommunar skulle reduserast frå 426 i 2017 til 356 frå 1.1.2020.

Endra kommunestruktur vil føra til behov for tilpassing av politiet si organisering, både på distriktsnivå og for lensmanns-, politistasjons- og namsmannsdistrikt. Politidirektoratet har, etter involvering av bl.a. dei råka politidistrikt og kommunar, gjeve si anbefaling til Justis- og beredskapsdepartementet om korleis fire politidistriktsgrenser bør justerast som følgje av nye kommunar som vil kryssa dei noverande politidistriktsgrenser. Det var forventa ei avgjersle om dette ved kongeleg resolusjon i juni 2018.

Lova som regulerer politidistrikta si lokale organisering finnast i politilova § 16 og § 17. Historisk har det vore krav om at politiet sine lensmanns- politistasjonsdistrikt har dekka heile kommunar, men dette er no avgrensa til sivilrettslege oppgåver, gjennom namsmannsdistrikta, jf. politiloven § 17. Det følgjer av politilova § 16 andre ledd at politidistrikta skal inndelast i lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Myndigkeit til å dela inn i lensmannsdistrikt, namsfogddistrikt og politistasjonsdistrikt er delegert til Politidirektoratet. Etter politilova § 17 er den einskilde lensmann eller politistasjonssjef namsmann i sitt distrikt med mindre oppgåva vert teke hand om av ein namsfogd. Namsmannsdistrikta skal innehalda ein eller fleire heile kommunar. Kongen kan bestemma at ein lensmann, politistasjonssjef eller namsfogd kan ivareta oppgåva som namsmann for fleire lensmanns- og politistasjonsdistrikt i same politidistrikt.

Dei råka politidistrikta har fått i oppdrag frå Politidirektoratet om å starta arbeide med justering av politidistrikta si indre organisering.

Vest politidistrikt

Politimesteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Vi ønskjer involvering av dei kommunane dette gjeld i prosessen med å justera politidistrikta si indre organisering i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og/eller namsmannsdistrikt.

Hovudtema for samhandling med kommunane gjeld arbeid med justering av lensmanns- politistasjons- og/eller namsmannsdistrikt.

Når det gjeld detaljane i prosessen syner eg til oppdragsbrev frå Politidirektoratet som følgjer vedlagt.

Gjennomføring

Dette brevet utgjer den formelle starten på ein prosess. Dei kommunane i Vest politidistrikt som vert råka av ei justering av lensmanns-, politistasjons- og/eller namsmannsdistrikt er alle mottakarar av brevet som her orienterer om dei prosessar som no startar og involvering av den enkelte kommune.

Eit av krava til involvering av kommunane er at fellesnemndene i dei nye kommunane, og kommunane i dei lensmanns- og politistasjonsdistrikta dette gjeld, skal involverast gjennom ei lokal høyring. Derfor ber vi om ei tilbakemelding innan 1. oktober 2018 frå kommunane til Vest politidistrikt om kven som vil vera kommunen sin representant og kontaktpunkt i prosessen. For Vest politidistrikt vil driftseiningsleiarane leie arbeidet internt i si eiga driftseining også når det gjeld justering av tenesteeiningsgrenser og vil vere ansvarleg for kontakten med kommunane. Driftseiningsleiarane som er involverte i prosessen er:

For kommunar i Sogn og Fjordane: Politiinspektør Arne Johannesen

For kommunar i Hordaland: Politiinspektør Jan Ludvig Fosse

Kommunane vil få tilsendt brev om høyring innan 15. oktober 2018, med svarfrist innan 15. desember 2018. Normal høyringsfrist er 12 veker, men det er mogleg å avtale kortare frist med dei involverte. Vi ber derfor om ei skriftleg tilbakemelding frå kommunane om dei godtek høyringsfrist på 9 veker, og at dette ikkje vil føra til ei oppleveling av at moglegheita til god deltaking i prosessen vert därlegare. Årsaka er at Vest politidistrikt har frist for å svare Politidirektoratet med tilråding om tenesteeiningar og namsmannsdistrikt til 15. januar 2019.

Med helsing

Kaare Songstad
politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:
Helge Stave
prosjektleiar

1 vedlegg

Adresseliste

Ordførar/varaordførar i Flora, Vågsøy
Sogndal, Balestrand, Leikanger
Os og Fusa
Fylkesordførar/fylkesvaraordførar
Fylkesmenn
Elektroniske postmottak

Kopimottakere

Ordførar/varaordførar i
Førde, Naustdal, Gauldalen og Jølster
Selje og Eid
Hornindal, Volda (Møre og Romsdal)
Fjell, Sund og Øygarden
Radøy, Lindås og Meland
Ullensvang, Odda og Jondal
Voss og Granvin